



Arkivnr: 2014/15396-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014

### Olav H. Hauge-senteret - tilknyting til museumsfeltet og museumsplanmidlar

#### Samandrag

Saka gjeld Olav H. Hauge-senteret si tilknyting til museumsfeltet og museumsplanmidlar i Hordaland. I samband med Fylkestinget si handsaming av sak 6/2014 *handlingsprogrammet 2014 regional plan for museum 2011-2015* vedtok fylkestinget følgjande:

«*Fylkestinget ber rådmannen om snarast å leggja fram sak om Haugesenteret, Nynorsk kultursentrums. Målet må vera at museum, som har lagt vekt på fag, og ikkje geografi/region, også må kome inn under Regional plan for museum, og såleis kunne søkja på museumsplanmidlar.*»

Fram til i dag er museumsplanmidlane knytt til Regional plan for museum 2011-2015 kanaliserte gjennom dei ni konsoliderte museum i Hordaland, som i planen er definerte som fylkeskommunen si museumssatsing – Baroniet Rosendal, Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, Museumssenteret i Hordaland, KODE, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Sunnhordland museum, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, Hardanger og Voss museum. Andre institusjonar, som Hauge-senteret, er nemnd i særskilte tiltak.

Som oppfølging av Fylkestinget sitt tillegg i sak 6/2014 legg fylkesrådmannen fram følgjande forslag:

#### Forslag til vedtak

Olav H. Hauge-senteret vert likestilt med dei ni konsoliderte musea som høyrer til under museumsbudsjettet i Hordaland med omsyn til museumsplanmidlar frå og med tildelinga av museumsplanmidlar for 2014.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 30.04.2014

Olav H. Hauge-senteret er konsolidert med Nynorsk Kultursentrum i Ørsta, og hører ikke inn under museumsavsnittet på fylkeskommunen sitt budsjett. Konsolidering vart vedteken på fylkestinget i juni 2010, sak 29/10. Høyringsforsлага i samband med Regional plan for museum vart handsama og vedtekne av fylkestinget i juni året etter, sak 34/11. Då vart Hauge-senteret si rolle i museumsplanen drøfta. Følgjande forslag om tillegg til planteksten fekk 12 røyster (SV, Sp, V, R) og fall:

*«Det nyetablerte Haugesenteret i Ulvik, som er konsolidert med Aasentunet gjennom Nynorsk Kultursentrum, må få sin naturlege plass og fokus i den nye museumsplanen.*

*Haugesenteret vil verta ein viktig formidlar og forvaltar av nynorsk litteratur, og poesi generelt»*

Fram til i dag er museumsplanmidlane knytt til Regional plan for museum 2011-2015 kanaliserte gjennom dei ni konsoliderte museum i Hordaland, som i planen er definerte som fylkeskommunen si museumssatsing – Baroniet Rosendal, Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, Museumssenteret i Hordaland, KODE, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Sunnhordland museum, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, Hardanger og Voss museum. Desse har regionale eller tematiske ansvarsområde (og i høve andre institusjonar), og ansvar for å arbeide fram fellesskapsløysingar for musea. Andre institusjonar, som Hauge-senteret, er nemnd i særskilte tiltak, og kan få midlar gjennom ei tildeling til desse tiltaka. For Hauge-senteret gjeld dette tiltak 23, *forvalting av kunstnarheimar*:

*«Hordaland har fleire kunstnarheimar der arven etter kunstnaren vert teken vare på og formidla. Det vil koma fleire slike prosjekt, og nokre er under etablering. Slike tiltak vil falla inn under ABM-sektoren, og bør søkja å verta ein del av ein eksisterande institusjon, slik som Troldhaugen (Edvard Grieg), Siljustøl (Harald Sæverud) og Lysøen (Ole Bull) er ein del av Kunstmuseene i Bergen. Olav H. Hauge-senteret er vorte konsolidert saman med Nynorsk Kultursentrum, og Fartein Valen-senteret i Sveio bør verta ein del av Sunnhordland museum. Fartein Valensenteret og Olav H. Hauge-senteret bør også inngå i eit fagleg samarbeid med Kunstmuseene i Bergen. Dette er kunstnarheimar etter kunstnarar av nasjonalt format, slik at det er naturleg at staten deltek på den økonomiske sida.*

*For 2011 er det lagt inn løyingar frå staten, fylkeskommunen og Ulvik herad til Olav H. Hauge-senteret. Ein tek sikte på å auka løyingane i planperioden.»*

I fordeling av museumsplanmidlane for 2014 på tiltak, vedteken av Fylkestinget i sak 6/2014, er nettopp ei utgreiing om fagleg samarbeid mellom KODE og Hauge-senteret prioritert og tilgodesett med museumsplanmidlar.

Tildeling av museumsplanmidlar skjer direkte, det vil seie museum får gjennom museumsplanmidlar ansvar for prosessar med å etablere fellesskapsløysingar eller å løfte eit område/ei problemstilling innan forvalting, forsking, formidling eller fornying med spesifikke forventingar knytt til tildelinga. I nokre tilfelle vert det etablert eingangs tilskotsordningar der musea kan søke. I 2013 vart det etablert slik tilskotsordning for sikringsmidlar og utstillingar.

Rådmannen tolkar tillegget frå fylkestinget i sak 6/2014 som at Olav H. Hauge-senteret vert likestilt med dei ni konsoliderte musea. Ei likestilling inneber at senteret må ta del i arbeidet med fellesskapsløysingar. Eit døme er arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan som no er i gong. Prosesen vert styrt gjennom Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, med deltaking og innlevering i prosjektet frå det einskilde museum.